

Informasjon og medverknad i grendene

April 2025



Suldal
kommune

Program 65-70 minutt



- Velkommen med rammer for kvelden (1 minutt)
- Kva er barnehage- og skulebruksplan? (10 minutt)
- Kva seier kvalitetsmelding, vedteke handlingsprogram og budsjett? (15 minutt)
- Medverknad, dette ønskjer prosjektgruppa tilbakemeldingar på (40 minutt)
- De vil bli delt ei lenke til undersøking, den vil vere open i 48 timar.

Barnehage- og skulebruksplanen skal svara ut kommunestyret si bestilling til kommunedirektøren i kommunestyre-sak 087/24

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Carlos Nilsen Gjil	K1-122	24/1342

Saksnr	Utval	Type	Dato
087/24	Kommunestyret	PS	18.12.2024
053/24	Levekårsutvalet	PS	19.11.2024
031/24	Ungdomsrådet	PS	18.11.2024
062/24	Formannskapet	PS	28.11.2024

Fakta

Vedtak i sak 154/23 i kommunestyret den 18. desember 2023 og vedtak frå kommunestyret i sak 037/24 den 19. juni 2024 ligg til grunn for mandatet:

Vedtak - framtidias oppvekst K -154/23 (18.12.2023)

- Vanvik oppvekstsenter avd skule vert avvikla frå 1. august 2024. Suldal kommune kjøper skuleplass i Sauda kommune.
- Ungdomstrinnet (8.-10. trinn) på Nesflaten oppvekstsenter vert flytta til Sand skule frå og med 1. august 2024 med prøvetid fram til hausten 2026. Kommunedirektøren skal undersøkjes og vurdera skysstilbudet, før eit eventuelt vedtak av varig flytting av ungdomstrinnet.
- Suldal kommune skal frå og med 2027 ikkje ha udelte skular.
- Alle skular i Suldal skal frå og med 2026 ha minst 60% pedagogdekning.
- Dersom enkelte skular over tid ikkje når måla med tanke på elevtal og kvalifisert arbeidskraft (jmfr punkt 3 og 4), skal kommunedirektøren koma tilbake til kommunestyret med ei sak om korleis ein kan leggja om drifta for å sikra dette.
- Vanvik oppvekstsenter avd barnehage og SFO blir ei avdeling under Kjølvikstølen barnehage som ei varig ordning. Frå og med barnehageåret 2025 vert barnehagen avvikla. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for å starta opp barnehagestilbodet igjen.
- Nesflaten oppvekstsenter avd. barnehage vert ei avdeling under Vinjar barnehage frå og med 1. august 2025. Dette vert ei prøveordning i 2 år. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for at avdelinga skal vera i drift.

Kommunedirektøren legg fram ein barnehage og skulebruksplan innan 2026 om ny barnehage og skulestruktur, kor ny ungdomsskule på Sand og oppvekstsenter på Kjølvikstølen vart ein del av planen.

Vedtak K – 037/24 (19.06.2024)

Nytt pkt 3.

Ny barnehage og skulebruksplan vert framskunda til 2025. I planen skal ein sjå på nye skular. Dette gjeld for mellom anna Marvik, kor oppvekstsenter vert ei av løysingane som vert vurdert. Ny ungdomsskule på Sand skal og vera ein del av planen.

Nytt punkt 4:

Nesflaten barnehage blir ei avdeling under Vinjar barnehage frå 1. aug 2024. Avdelinga skal vera fysisk lokalisert på Nesflaten. Kommunedirektøren skal arbeida kontinuerleg med rekruttering av tilsette til barnehagen på Nesflaten. Rekrutteringsarbeidet skal starta 20.06.24. Avdelinga på Nesflaten skal opnast for drift så snart dette er på plass, og så snart som mogleg. Kommunedirektøren skal strekkja seg langt for å finna løysingar. Nytt opptak 01.09.2024.

Eksterne aktørar

Det blir lyst ut anbod på innhenting av stoda på drifta og einingane knytt til:


- Kvalitet
- Bemanning
- Pedagogisk drift
- Kompetanse
- Læringsmiljø
- Utvikling
- Ressursutnytting
- Barns beste vurdering
- Risikoanalyse av faktorane som er definert under
- Kommunestyret sitt vedtak 154/23 med tillegg frå kommunestyret 0

Kommunedirektøren legg til grunn følgjande definisjon av arbeidet etter kommunestyret si bestilling og eksterne føringar i sitt arbeid:

Evne (kapasitet og kompetanse) til å tilby og oppretthalde eining som fremjar alle barn og unge sin trivsel, læring og utvikling. Kompetanse til å hjelpe alle barn/unge med det dei treng. - I ein slik definisjon ligg det at ein skal vurdere kva som er eining si stemme, føresette si stemme, og ei vurdering basert på eining vegast og vurderast opp mot kvarandre. - I ei slik barns- beste-vurdering ligg det også at ein må sjå barne- ein viktig del av barn sitt nærmiljø, og kva effekt ei endring av organ- kvaliteten på nærmiljøet til dei barna som har barnehagar og skular i. - Ein må naturleg sjå dei ulike faktorane saman, når ein skal vurdere kva har fysiske omgjevnadar og kompetanse betydning for kvaliteten.

Ressursutnytting:

- Tal barn barnehagane og skulane har plass til, og som gir eit fysisk trygt og for- pedagogisk tilbod i kvar avdeling/gruppe/klasse. Nå og i framtida.
- Rett og nok kompetanse til alle barn og unge, i alle einingar.
- Korleis ein bruker personalet sin kompetanse og erfaring på ein god måte. I dette ligg det også å vurdere kva yrkesgruppe som kan og bør gjere kva.
- Lærarsamarbeid og tverrfagleg samarbeid gjennom samhandlingsmodellen, betre tverrfagleg innsats.
- Pedagogisk kapasitet til å kunne møte alle barn og unge sine ulike behov og interesser.



Kommunedirektøren sitt forslag til prosjektmandat for utgreiing i forhold til komande barnehage- og skulebruksplan vert teken til vitande.

Sand, 19.12.2024

Barnehage- og skulebruksplanen skal vere eit av fleire kunnskapsgrunnlag og bidra til å avklare korleis barnehage- og skulestrukturen i Suldal skal vere organisert i framtida.

Utgreiinga skal gi ei vurdering av kva organisering barn, unge, tilsette, føresette og kommunen som organisasjon vil vere best tent med framover. Desse vurderingane må bli sett i lys av faktorar som kvalitet, kapasitet, ressursutnytting, kompetanse, læringsmiljø og utvikling.

For å sikra framdrift og gode prosessar i saka vil kommunedirektøren opprette ei prosjektgruppe og ei referansegruppe med ei brei samansetning og fagleg tyngde. Prosjektgruppa vil også nytte ekstern kompetanse som skal kartleggja styrkjer og utfordringar på dei faktorane som er nemnde i innleiinga knytt opp mot dagens organisering.

Medlem i prosjektgruppa


Rolle	Deltakar i prosjektgruppa	Personleg vara
Prosjektleder: Kommunalsjef oppvekst	Svein Carlos Gjil	Kommunedirektør
Medlem: Rådgjevar oppvekst (er også sekretær)	Tore Bastlien Dahl	
Medlem: Ein barnehagestyrar	Ingvild Vold Tveiten	Britt-Elin Håranes
Medlem: Ein barneskulerektor	Jorunn Hoås	Anne Marie Gamlem Rabba
Medlem: HTV Utdanningsforbundet	Lise Renate Tistel	Ingrid Nafstad Lyftingsmo
Medlem: HTV Fagforbundet	Anne Tove Lillehammer	Svanhild Håranes
Medlem: Ein SFO-leiar	Bjarte Steindal	Anne Kate Ellingsen
Medlem: Ein frå Indre Ryfylke PPT	Carina Helland Østerhus	Anne Skree
Medlem: Ein frå byggteknisk	Torbjørn Nordmark	Tormod Hoftun
Medlem: Ein helsesjukepleiar	Helga Nessa (leiar SU Jelsa)	Sofie Hebnes Hårajuvet
Medlem: Leiar i kommunalt foreldreutval	Finn Arthur Rosland	Thea Bråtveit

Medverknad, del av mandatet her skildra konkret gjennomføring

- Tilsett blir blant anna lytta til gjennom intervju og undersøking.
- Elevar og barn blir lytta til gjennom elevråd og intervju.
- Føresette blir lytta til gjennom FAU og spørjeundersøking til kvar enkelt heim.
- Andre, grendamøte der alle som ønskjer får informasjon, og ein får gje innspel til prosessen vidare.
- Seks kontaktmøte (hovudtillitsvalde) våren 2025 med dette som sak. Hovudverneombod med på fire av møta.
- Saka skal til slutt ut på høyring der ein får enda ein moglegheit til å komma med innspel.

Ein har kome godt i gong, alt skal bli gjort før saka kjem på høyring ut 1. juli.

Viktige datoar



- I mai kjem Norconsult for å presenterer førebels rapport
- 1. juli kjem saka på høyring, høyringsfrist er 12. september.

Handsaminga i råd og utval

- Ungdomsrådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13. oktober
- Levekår 15. oktober
- Formannskapet 16. oktober
- Kommunestyret 30. oktober

Barnehage- og skulebruksplanen skal svare ut kommunestyret si bestilling til kommunedirektøren i kommunestyre-sak 087/24,

Barnehage- og skulebruksplan

På denne sida ønskjer me å gi deg informasjon om prosessen med barnehage- og skulebruksplanen. Lurer du på kva som skjer når, eller har du spørsmål som du ønskjer svar på? Dette og meir finn du her.



Om prosjektet

Kva skjer, når?

Spørsmål og svar

Fakta og tal

Informasjon og referat

Medverknad

Høyring

Saksframlegg


Vedtak

Kva og kven er Norconsult?



Kvalitetsmelding for 2024 Barnehage, skule og SFO

Barn i barnehage fordelt etter alder



Kompetanse for lærarar

I Suldalsskulen har fleire lærarar dei siste åra teke vidareutdanning. Det er fortsatt lærarar som manglar kompetanse for å undervisa i faga norsk, engelsk og matematikk. Det er ein skilnad på krav for tilsetjing og for å undervisa i fag.

Kompetansekrav for å undervisa

Fag	23/24	24/25
Norsk	75% (27 av 36 lærarar)	75 % (30/40 lærarar)
Matematikk	75% (27 av 36 lærarar)	70 % (26/37 lærarar)
Engelsk	62% (13 av 21 lærarar)	63 % (17/27 lærarar)

Fag	24/25
Norsk	25 % (3 av 12 lærarar)
Matematikk	36 % (5 av 14 lærarar)
Engelsk	44 % (4 av 9 lærarar)

Del av undervisningspersonalet som fyller kompetansekrav for å undervisa på ungdomstrinnet (krav som vert endelege frå 2025)

Del av undervisningspersonalet som fyller kompetansekrav for tilsetjing (nasjonalt 94 %)

År	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Tal	89,2 %	91,3 %	88,9 %	95,9 %	90,0 %	83,5 %	80,8 %	72 ,4 %	74,1 %

Nasjonale prøvar

Nasjonale prøvar viser elevane sine ferdigheiter i lesing, engelsk og matematikk.

Dei er obligatoriske på 5., 8. og 9. trinn

Suldal sine resultat varierer naturleg frå år til år og lågt elevtal i vår kommune kan gje store utslag i resultat frå år til år.

Skulane analyserer sine resultat som del av sitt kvalitetsarbeid for å vidareutvikla god opplæring for elevane.

Over tid ser me at elevane i Suldal ikkje har eit godt læringsutbyte i engelsk på barnetrinnet. Her har ein heva seg for inneverande år for 1-4, medan mellomtrinnet scorar under snittet.

Ein ser at utviklinga frå 5.-7. er varierende, ein ser at enkelte elevgrupper ikkje utviklar seg i takt med nasjonal utvikling. Det er små data og skilnadar frå eining til eining.

Utfordringar framover

Me ser ein aukande trend til at fleire elevar strevar med å gå på skulen. Dette kan ha ein samanheng med pandemien som har vore. Årsakene i slike saker er ofte komplekse der elevane og familiane deira har omfattande behov for støtte og hjelp.

Rettleiar for nærvær og fråvær i skule og barnehage er eit dokument som beskriv årsaker, førebygging, kartlegging, tiltak og verktøy for å fremja skulenærvær. I tillegg kan Barne-og familieteamet vere til god hjelp i slike saker.

Krysspunkt 2025 er her, framover det vil vera færre barn og unge i Suldal. Samtidig vil talet på eldre auka. Det vil få konsekvensar for einingane våre både med tanke på antal barn og tilsette.

Me treng fleire utdanna lærarar i barnehage og skule. I barnehagane er det gitt fleire dispensasjonar frå pedagognorma og utdanningskravet. I skulane er det mellombels tilsette i lærarstillingar som er utan godkjend utdanning.

Utfordringar framover

Me ser ein aukande trend til at fleire elevar strevar med å gå på skulen. Dette kan ha ein samanheng med pandemien som har vore. Årsakene i slike saker er ofte komplekse der elevane og familiane deira har omfattande behov for støtte og hjelp.

Rettleiar for nærvær og

fråvær i skule og barnehage er eit dokument som beskriv årsaker, førebygging, kartlegging, tiltak og verktøy for å fremja skulenærvær. I tillegg kan Barne-og familieteamet vere til god hjelp i slike saker.

Krysspunkt 2025 er her, framover det vil vera færre barn og unge i Suldal. Samtidig vil talet på eldre auka. Det vil få konsekvensar for einingane våre både med tanke på antal barn og tilsette.

Me treng fleire utdanna lærarar i barnehage og skule. I barnehagane er det gitt fleire dispensasjonar frå pedagognorma og utdanningskravet. I skulane er det mellombels tilsette i lærarstillingar som er utan godkjend utdanning.

Demografien treff oss

Barnehageopptak

Elevtalsutvikling





Budsjett med handlingsprogram 2025-2028

Kommunedirektøren sitt framlegg 30.10.24

Befolkningsendring


- **Rekruttering**

- Attraktivitet
- Kommunikasjon
- Insentiv

- **Arbeide på nye måtar**


- Organisere tenestane
- Ta i bruk ny teknologi
- Krafta i laget

Me vil ikkje få dekket kompetanse og kapasitet til opplevd tenestebehov.



Krets	50 +	50-69	70 +
Nes	48,5	25,2	23,3
Suldalsosen	43,3	23,6	19,7
Sand	39,5	25,4	14,1
Erfjord	37	21,6	15,4
Jelsa	48,5	29	19,5
Halvøyna	50	26,65	23,35
Vanvik	41	21	20

Svikt i inntekter



SAL AV KONSESJONSKRAFT



Reduserte inntekter, økte utgifter

- Reduksjon i overføring frå staten
- Reduserte kraftinntekter
- Løn- og prisstigning
- Ekstra auke pensjon

Ei varsla driftstilpassing- Suldalsbeten



Auka budsjett pensjon 10,8 mill. kr. årleg



FORMANNSKAPET 13.06.2024

	2024	2025	2026	2027	2028
Endringar (- = redusert inntekt)					
Rammetilskot	-1 000	-8 000	-13 000	-13 000	-13 000
Skatt	4 000	12 000	13 000	13 000	13 000
Sal av konsesjonskraft	-7 000	-15 000	-7 000	-4 000	2 000
Eigedomsskatt	8 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Auke innbyggjarar		4 000	4 000	0	0
SUM ENDRING INNTEKTER	1 000	-5 000	-1 000	-2 000	4 000
Lønsoppgjeret					
Nytta 2024 lønsgrunnlag og KS sitt anslag på auke, 5,2%		-21 000	-21 000	-21 000	-21 000
Sum mindre inntekter og auka lønsutgifter		-26 000	-22 000	-23 000	-17 000
I tillegg er det knytt ein del usikkerheit til framtidige pensjonskostnadar. Eks. avtalefesta pensjon (AFP) for dei som er født i 1963 og seinare).					

PRINSIPP FOR DRIFTSTILPASSING

Varsla i budsjett 2023-2024

Grep på struktur er ikkje til å unngå i perioden

Vanskelege val må takast

2025: Skjerma: Barn og unge, Helse

Prioritering:

Ikkje kompensert for prisauke

Ordningar med ubrukne midlar

Tenester som ikkje er lovpålagde

Stillingar

Behov for nye årsverk i omsorg

Innan 2027 vil omsorg i Suldal trenge 5-7 nye årsverk. Den demografiske utviklinga kan ein allereie sjå. Det har vore auke i bruken av heimetenester med fleire brukarar og arbeidsoppgåvene er meir komplekse.






Foto: Jarle Lunde/Skattkammeret Suldal

Drift (Kostra(SSB)) Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år, barnehage



	2021	2022	2023	2024
Suldal	267 824	280 505	311 715	291 249
Sauda	240 498	203 304	221 419	230 919
Vindafjord	201 370	210 960	230 852	213 891
Kostragruppe 06	259 199	249 281	283 344	272 890

Drift (Kostra(SSB)) Netto driftsutgifter per innbygger 6-16 år, grunnskule



Ein berekraftig og lovleg organisering inn i framtida

- Opplæringslov, kompetansekrav
- Barnehagelov, kompetansekrav
- FNs barnekonvensjon – barns beste vurdering
- Likestilling- og diskrimineringsloven
- Arbeidsmiljøloven
- Økonomi/budsjett

Konkrete spørsmål ein skal diskutere i grupper (sjå digitalt)

- Kva ønsker de skal kjenneteikna praksis i barnehage/skule på området kvalitet?
- Kva ønsker de skal kjenneteikna praksis i barnehage/skule på området kompetanse?
- Kva ønsker de skal kjenneteikna praksis i barnehage/skule på området læringsmiljø?



Kraft til å gi:

*Me treng deg som vil skapa, utvikla og
bidra med ekstra hender.*

*Folka er vår største skatt. Du er del av vår
stolte historie.*